

# Møteinkalling

---

**Utvalg:** Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen

**Møtestad:** Norsk Fjellsenter, Lom

**Dato:** 25.10.2016

**Tidspunkt:** 10:00

---

Eventuelt forfall må meldast snarast på tlf. 948 80 564 eller 947 89 126.  
Vararepresentantar møter etter nærmere beskjed.

Vi legg opp til ei omvising på fjellsenteret, og vil tilpasse opplegget til samla tidsramme for møtet. Vi startar med samling rundt peisen, og kaffi/te og litt biteti ved møtestart.

Pause med lunsj i løpet av møtet.

Tillegg til saklista – orienterings-/drøftingssak:

Vi vil saman med Rigmor Solem i SNO gje ein kort gjennomgang av tiltaksplanen, og orientere om opplegget med bestillingsdialog og løyving til tiltak. Sak for prioritering kjem i siste møte før jul.

Vel møtt!

Med helsing

Kari Sveen  
Nasjonalparkforvaltar Jotunheimen

## Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 39/2016	Godkjenning av protokoll/innkalling		
ST 40/2016	<u>Referatsaker</u>		
RS	Klage på vedtak om henleggelse - Jotunheimen nasjonalpark - Militær lavtflyging - Besseggen - Gjende		2016/5480
RS	Dispensasjon - Utladalen landskapsvernområde - Helikopterfrakt av kjøt i samband med jakt i Stølsmaradalen - Berit Johansen Vetti		2016/6108
RS	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2016 - Droneflyging over Besseggen - Red Bull Norge v/ Kristian Myrseth		2016/6053
ST 41/2016	<u>Delegerete vedtak</u>		
2/2016	Delegert vedtak - Protokollering av dispensasjon for bruk av helikopter for reparasjon dieselaggregat ved Skogadalsbøen 27.-28. august 2016		2013/1014
3/2016	Delegert vedtak - Dispensasjon - Jotunheimen nasjonalpark - Utviding av transport av material og utstyr til Skagastølsbu i samband med vedlikehald - DNT Oslo og Omegn		2016/3212
ST 42/2016	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Bygningsmessige tiltak på Fannaråkhytta i Luster kommune - DNT Oslo og Omegn		2016/6184
ST 43/2016	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Bygningsmessige tiltak på Glitterheim Turisthytte gnr. 155/1/67 - DNT Oslo og Omegn		2016/3185
ST 44/2016	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - Vår 2017 - Transport til Gjendebu i samband med bryllup		2016/5941
ST 45/2016	Sak - Utladalen landskapsvernområde - Skutertransport av varer, brensel, proviant, utstyr og material til Vetti og på Vettismorki - Vetti Gard Turiststasjon		2016/5828
ST 46/2016	Eventuelt		

## **ST 40/2016 Referatsaker**

**Klage på vedtak om henleggelse - Jotunheimen nasjonalpark -  
Militær lavtflyging - Besseggen - Gjende**

**2016/5480**

**Saker behandla av Arbeidsutvalet i telefonmøte 23.09.2016**

**Dispensasjon - Utladalen landskapsvernområde - Helikopterfrakt  
av kjøt i samband med jakt i Stølsmaradalen - Berit Johansen Vetti** **2016/6108**

**Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2016 - Droneflyging  
over Besseggen - Red Bull Norge v/ Kristian Myrseth** **2016/6053**

## **ST 41/2016 Delegerete vedtak**

**2/2016 Delegert vedtak - Protokollering av dispensasjon for bruk av helikopter for reparasjon dieselagggregat ved Skogadalsbøen  
27.-28. august 2016**

**2013/1014**

**3/2016 Delegert vedtak - Dispensasjon - Jotunheimen nasjonalpark - Utviding av transport av material og utstyr til Skagastølsbu i samband med vedlikehald - DNT Oslo og Omegn**

**2016/3212**

Arkivsaksnr: 2016/6184-3

Saksbehandlar: Kari Sveen / Magnus Snøtun

Dato: 22.09.2016

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	42/2016	25.10.2016

**Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Bygningsmessige tiltak  
på Fannaråkhytta i Luster kommune - DNT Oslo og Omegn****Forvaltar si innstilling**

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen stiller seg i utgangspunktet positive til nødvendig utviding av bygningsarealet på Fannaråkhytta til om lag 500 m<sup>2</sup> totalt areal.

Nasjonalparkstyret meiner at eit nybygg på ein av karaktertoppane i nasjonalparken må innordne seg landskapet, framfor å konkurrere med det. Styret vurderer derfor forslaget frå Snøhetta med eit tre etasjar høgt nybygg som eit lite heldig landskapslement på toppen av ein markant fjelltopp, og meiner det kan vera i strid med verneformålet, som m.a. legg vekt på å ta vare på eit eigenarta landskap. Dette alternativet vil heller ikkje ta vare på den særeigne historia knytt til værstasjonen.

Nasjonalparkstyret viser til ordlyden i verneforskrifta § 3, pkt. 1.3, siste ledd, og til *Veileder om kulturminne i verneområde*, og går inn for at det blir arbeidd vidare med ei av skissene som DNT Oslo og omegn sjølve har utarbeidd for nybygg på Fannaråken. Når det gjeld val mellom tilbygg til hovudhytta eller eit frittståande hovudbygg ved sida av hovudhytta på platået, meiner styret at tiltakshavar sjølv må vurdere kva som er mest hensiktsmessig av dei to alternativa, som på kvar sin måte byggjer vidare på dei etablerte bygga på staden. Bygging på platået slik begge desse alternativa legg opp til, gjev betre landskapstilpassing enn eit høgt bygg på høgste toppen.

Endeleg dispensasjonsbehandling for byggetiltak og motorferdsel vil skje når det ligg føre ein konkret byggesøknad, saman med gjennomføringsplan som gjer greie for nødvendig motorferdsel knytt til etablering og drifta av nybygget.

## Saksopplysningar


### Sakspapir

- Notat oversendt frå DNT Oslo og omegn v/ Jan Erik Reiten 06.09.16 – Prosjekt for utvikling av hytta på Fannaråken 2016
- Møtereferat datert 23.09.16, frå fellesmøte 07.09.16
- Miljødirektoratet / Riksantikvaren: Veileder M-420 - Kulturminner i områder vernet etter naturmangfoldloven

DNT Oslo og Omegn har ei tid arbeidd med korleis dei skal løyse framtidig drift av Fannaråkhytta. Det er utarbeidd ein moglegheitsstudie som er presentert ved eit notat oversendt forvaltninga 06.09.16. Notatet presenterer tre hovudalternativ:

Snøhetta Arkitekter fekk i oppdrag å koma med det dei har kalla et mulighetsstudie, alternativ 1 i notatet. I tillegg er har DNT Oslo og omegn utarbeidd to andre alternativ som i større grad byggjer på eksisterande bygningar. Utdrag av notatet:


- A. Hovedhytta gjøres om til sovehytte, markert rødt**  
Met'n rives og erstattes med ca 300 m<sup>2</sup> nybygg i 3 etasjer, gult. Hangar'n blir hundehus med 3 soveplasser, fiolett  
Stallen bevares til søppel og gass, blått  
Utedoen rives og erstattes med ny, grønt



### Kommentar til forslaget:

Snøhetta forslag er å rive Met'n, erstatte med ny bygg og gi Hovedhytta ny funksjon. Met'n er et upraktisk hus som legger beslag på den fineste delen av topplatået. Gjennom det å samle alle funksjoner knyttet til driften, samt bespisning og opphold for gjestene på ett sted ser vi har mange fordeler. Logistikken løses innendørs og energibehovet minimeres. I tillegg får gjestene glede av den flotte utsikten fra der de oppholder seg, spiser og sover.


- B. Hovedhytta gjøres til opphold og madrassovernattning. (rød)**  
Innredning bevares. Tilbygg til hovedhytta med resepsjon, personal, kjøkken og spisesal. Lager og snødepot på bakvegg.  
Met'n bevares, men rigges ned fra 32 til 22 senger. (gul)  
Hangar'n, Stallen og utedo som Snøhetta forslag



### Kommentarer til vårt forslag 1:

Forslaget bevarer innredningen i DNT hytta og i observatoriet slik de er i dag. Noe ombygging av eksisterende tilbygg til hovedhytta må påregnes. Kanskje ser man på mulighetene til å få frem det karakteristiske ved værstasjonen igjen også. Ønsket om å bevare særpreget og stemningen især i hovedhytta er motivasjonen for dette forslaget. Logistikken løses ved at driftsareal og spisesal får plass i tilbygget, lageret i bakkant og inngangshall i mellombygget.

- C. Hovedhytta gjøres til opphold og madrassovernattning.**  
Innredning bevares. Ny hytte med resepsjon, personal, kjøkken og spisesal. (rød)  
Lager og snødepot på bakvegg.  
Met'n bevares, men rigges ned fra 32 til 22 senger. (gul)  
Hangar'n, Stallen og utedo som Snøhetta forslag



### Kommentarer til vårt forslag 2:

Forslaget har samme motivasjon som løsningen med tilbygg til hovedhytta, men er enklere teknisk da man slipper påkobling til eksisterende.

DNT v/ Thomas With og Jan Erik Reiten presenterte utfordringane for Fannaråkhytta i møte med nasjonalparkstyret på Glitterheim 7. september 2016, og gjekk gjennom hovudtrekka i dei tre moglege løysingane skissert i notat sendt 06.09.16.

Utgangspunktet er dagens drift, men ein må ut frå belegget utvide og oppgradere for å gje giester og betjening tilfredsstillande vilkår under opphaldet. Betjening er nødvendig av omsyn til mest mogleg økonomisk drift på vassforsyning og søppelhandtering. Det er også breføring, slik at hytta samla sett ikkje eignar seg som sjølbetjeningshytte. Det er antyda behov for utviding frå dagens 225 m<sup>2</sup> til ca. 500 m<sup>2</sup> for å få betre driftsvilkår. Dersom ein får eit stadig aukande trykk på denne hytta såg DNT for seg at ein kanskje måtte jobbe med ei form for avgrensing gjennom bookingsystem eller andre tiltak.

Nasjonalparkstyret stilte seg i møtet 07.09.16 positive til nødvendig oppgradering av Fannaråkhytta, jf. oppsummering av synspunkt i møtereferatet:

- «Nasjonalparkstyret ser at det er behov for noko utviding av det samla arealet for å ha eit akseptabelt tilbod
- Det er viktig å ta omsyn til vind og ver ved utforming av bygg på ein så utsett plass
- Historikken med bemanna værstasjon gjer at Fannaråken er ein spesiell plass.  
*Sjølv om bygningen kalla Met'n ikkje har nokon spesiell vernestatus i seg sjølv, kan det vera ønskjeleg å ta vare på historia – noko som også DNT er inne på i sine alternative forslag til riving og oppføring av eit større nybygg på tomta der Met'n står i dag.*
- Kulturverneininga i fylkeskommunen bør kontaktast før ein evt. går vidare med forslaget frå Snøhetta.

*Det er vanskeleg å ta stilling til dei ulike alternativa før ein har fått sett litt nærmere på saka. Styret vil derfor koma attende til dette i eit seinare møte.»*

Magnus Snøtun har vore i dialog med plan- og byggeansvarleg i Luster kommune, med Sogn og Fjordane fylkeskommune og med Meteorologisk Institutt. Sistnemnde har ikkje særlege synspunkt, da dei ikkje lenger har eigarinteresser. Kommunen og fylkeskommunen er opptekne av landskapstilpassing, og at eit høgt bygg på høgste toppen såleis kan vera lite ønskjeleg. Desse aktørane må koplast inn når konkret byggesøknad skal utformast.

## Vurdering

Søknaden blir vurdert etter:

- Verneforskrift for Jotunheimen NP, revidert 14.11.14
- Naturmangfaldlova
- Framlegg til forvalningsplan for Jotunheimen NP og Utladalen LV (2008)

Forskrift om Jotunheimen nasjonalpark set forbod mot oppføring, utviding og ombygging av bygningar. § 3 pkt. 1.3 a) og b) opnar likevel for at det kan gjevast løyve til tiltak som vert vurdert som nødvendige for drift av etablerte turisthytter:

- a) *Ombygging og mindre utviding av eksisterande bygningar.*
- b) *Oppføring av nye bygningar og innretningar som er naudsynte for drifta av turisthytter i nasjonalparken i samsvar med forvalningsplan.*

Siste ledd i pkt. 1.3 gjev vidare føringar for utsjånad på nye bygningar:

*«Ombygging, utviding og nybygg skal skje i samsvar med lokal byggeskikk når det gjeld utforming, fargar og materialbruk, og skal tilpassast landskapet.»*

Forvaltningsplanutkastet frå 2008 har vore brukt som rettleiande dokument inntil revidert forvaltningsplan ligg føre, og her er følgjande retningslinjer i kap. 8.2 – **TURISTHYTTER OG ANDRE HYTTER, BUER OG NAUST:**

«*Det vil i utgangspunktet ikkje bli gjeve løyve til nye bygg utover dei som det tidlegare (i samband med handsaminga av vernevedtaket) er gjeve løyve til.*

*Alle nybygg, utvidingar og vedlikehald skal utførast i tradisjonell og lokal byggestil og på ein slik måte at det i minst mogleg grad bryt med natur- og kulturlandskapet og eksisterande bygg i området .»*

#### Kulturhistorie knytt til værvarslingsstasjonen («Met'n»)

Forvaltningsplanutkastet frå 2008 seier m.a. følgjande om kulturminne i kap. 7. 2 – **KULTURMINNE OG KULTURLANDSKAP:** «*Mange av kulturminna og kulturlandskapet som er innanfor verneområda vil det vere eit mål å sikra og/eller halde ved like. Dei fortel om samspelet mellom menneske og natur og gjer områda rikare.*

---  
*For nokre nyare anlegg eller konstruksjonar må ein vurdere om dei skal sjåast på som kulturminne ut i frå at dei fortel om tidlegare bruk av områda, eller om dei skal endrast av estetiske grunnar, eller om dei skal fjernast fordi dei bør vurderast som avfall. Bygningar som kan ha historisk og/eller kulturell verdi kan berre rivast etter samråd med forvaltningsstyresmakta.»*

Miljødirektoratet og Riksantikvaren har i fellesskap utarbeidd **Veileder M-420 - Kulturminner i områder vernet etter naturmangfoldloven**

I denne er det lista opp eit utval kriteria som blir brukt ved vekting av verdiar av kulturminnet, der dei tre første punkta er relevante for den såkalla Met'n:

- representerer faser med særlig betydning for historien
- er knyttet til virksomheter med særlig betydning for historien
- er knyttet til hendelser, begivenheter eller personer med særlig betydning for historien
- er av særlig betydning for en eller fleire etniske grupper (samene som urfolk, nasjonale minoriteter eller andre etniske grupper)
- har særlig arkitektonisk og arkitekturhistorisk verdi
- har særlig betydning som kilde til historien der det finnes få eller ingen skriftlige kilder
- har særlig betydning som ressurs for lokal utvikling og verdiskaping

I tidlegare ombygging av Met'n vart tårnet rive og innvendig er det ikkje noko att etter den gamle verstasjonen utanom bygningskroppen (utan tårnet). Dei kulturhistoriske verdiane er avhengig av kva ein kan lesa av tidlegare bruk. Plassering og bygningskroppen fortel den historia. Bygningen i seg sjølv er ikkje definert som verneverdig, men historia knytt til bygget gjer at det representerer ei verksemld som har høg verdi knytt til vår nære forhistorie. Å kunne fortelja at det budde folk fast året rundt i dette bygget (sjølv om det er ombygd) for å leve værdata til Meteorologisk Institutt gjev ei heilt anna kopling til historia enn å fortelja «at det eingong stod ei lite hytte på fjelltoppen der det budde folk». Historikken knytt til værstasjonen er ein viktig del av den lokale tilknytinga, særlig for folk frå Luster og Lom, men den formidlar også noko av vår nasjonale historie med folk som hadde oppdrag som gjorde at dei levde delar av livet sitt på utpostar med særlige utfordringar knytt til avstandar, klima og isolasjon.

#### Terrengtilpassing:

Fannaråken er ein av dei mest ikoniske fjella i Jotunheimen, og både historia om værstasjonen og turisthytta bygger opp rundt denne statusen. Fjellet er eit svært markant landemerke, og det er viktig at eit nytt bygg ikkje verkar dominerande i høve til

naturen og landskapet på staden. Å bygge over toppunktet vil i stor grad setja bygget i fokus, og tone ned uttrykket av fjellet. Dette er i strid med retningslinjene som legg vekt på at nybygg «*i minst mogleg grad bryt med natur- og kulturlandskapet og eksisterande bygg i området*».

Eit nybygg på platået i tilknyting til hovudhytta (påbygg eller frittståande bygg i nærleiken) vil på ein betre måte ta vare på det særprega landskapet. Kravet om lokal byggeskikk kan ein kanskje drøfte nærmare, da det ikkje er like relevant å vise til lokale byggetradisjonar her som t.d. i nærleiken av setergrender og liknande. Det kan godt vera at eit meir moderne utforma bygg med god landskapstilpassing er eit betre alternativ enn å berre kopiere det arkitektoniske uttrykket på hovudhytta og/eller Met'n når nybygget skal utformast. Jf. nybygget på toppen av Skålataånet, som har moderne uttrykk med plassering lågt ned mot terrenget, og som ikkje tek fokus frå landskapet.



Bilete av den nye hytta på Skålataånet. Den nye er bygd inn i bakken og tona ned, men har likevel utsyn utover.

Platået på Fannaråken er relativt flatt og det er god plass mellom eksisterande bygg. Sjølv om det blir mindre kompakt, vil eit lågare bygg både følgje terrenget og enklare kunne tilpassast. Logistikk knytt til varetransport tilseier også at hovudbygg med matlaging og –servering bør liggje på det flate platået med betre moglegheit for helikopterlandning, framfor på toppen der Snøhetta foreslår 3-etasjars bygg.

Klimaet er veldig hardt på toppen av Fannaråken. Eit argument for å legge ned værstasjonen var i si tid at været var så ekstremt at det ikkje hadde referanse til resten av landet. Master, instrument og anna som stikk seg ut, isar ned om vinteren og plassen er svært utsatt for vind. Å bygge her oppe krev planlegging og dimensjonering som tek omsyn til dei svært krevjande forholda.

Søknaden er også vurdert etter naturmangfaldlova §§ 8-12:  
§ 8 *Kunnskapsgrunnlaget* og § 9 *Føre-var prinsippet*. Det er god kunnskap om området, og ei utviding av arealet blir ikkje vurdert å gje negative konsekvensar for naturmangfaldet. Det er i første rekke motorisert ferdsel knytt til byggeperioden og

framtidig drift som vil gje vesentleg belastning på naturmiljøet, medan bygget i seg sjølv i hovudsak berre vil ha landskapsverknad. Dette er spørsmål som ein kjem attende til når konkret byggesøknad og opplegg for gjennomføring og transportplan ligg føre.

§ 10 *Økosystemtilnærming og samla lastning*: Lokaliteten byr på utfordringar når det gjeld transport, og det er viktig at drifta blir halde på eit nivå som kan forsvarast innan eit verneområde. Dette tilseier nøkterne standard, som tek utgangspunkt i dagens drift.

§ 11 *Kostnadene ved miljøforringing*: Spørsmålet vert vurdert ikkje relevant.

§ 12 *Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode*: Det er viktig å planleggje tiltaket på ein måte som sikrar minst mogleg belastning på naturmiljøet i samband med bygging og drift av turisthytta.

Søknaden skal også behandlast av kommunen, som forvaltingstyresmakt etter plan- og bygningslova og lov om motorferdsel med tilhøyrande forskrifter.

### **Oppsummering/konklusjon:**

Fannaråkhytta har ei spektakulær plassering, på ein lokalitet som det også er knytt ei heilt spesiell historie til gjennom at det her oppe var bemanna værstasjon i fleire år. Eit nybygg på ein av karaktertoppane i området bør innordne seg landskapet, framfor å konkurrere med det. Landskapsomsyn og særprega historie tilseier vidare planlegging etter eitt av alternativa skissert av DNT i notat sendt 06.09.16, framfor alternativet med 3-etasjars signalbygg som foreslått av Snøhetta.

Arkivsaksnr: 2016/3185-9

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 12.10.2016

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	43/2016	25.10.2016

## Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon – 2016 – Bygningsmessige tiltak på Glitterheim Turisthytte gnr. 155/1/67 - DNT Oslo og Omegn

### Forvaltar si innstilling

DNT Oslo og omegn får med heimel i verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark, § 3 pkt. 1.3. a) og b), dispensasjon for gjennomføring av nødvendige bygningsmessige tiltak på Glitterheim Turisthytte. Løyvet omfattar følgjande tiltak:

1. Tilbygg/ombygging av 2. etasje på eksisterande sovehus for sikrare rømmingsveg via innebygd trappegang, jf. forskrifta § 3 pkt. 1.3 a)
2. Nybygg sjølvbetjening med 20 overnattingsplassar og fellesrom plassert på ei av tomtene på oversida av vegen som vart synfare i møte 07.09.16 (§ 3 pkt. 1.3 b).
  - Plassering skal skje i tilknyting til det etablerte bedriftsområdet
  - Bygget blir utført med materialar og fargar i same stil som eksisterande bygg
  - Eksisterande sjølvbetjening kan byggast om for andre bruksbehov ved bedrifta

Løyvet gjeld i høve til verneforskrifta for nasjonalparken. I tillegg må sakene behandlast av Lom kommune som myndighet etter plan- og bygningslova, og tiltakshavar har sjølv ansvar for innhenting av eventuelle godkjenningar frå grunneigar.

For motorisert transport må det leggast fram ein gjennomføringsplan som viser samla transportbehov knytt til utbygginga. Dispensasjon for nødvendig motorferdsel blir behandla av nasjonalparkstyret eller arbeidsutvalet når denne planen ligg føre.

## Saksopplysningar

Saksdokument:

- Notat av 17. oktober 2016 fra DNT Oslo og omegn v/ Jan Erik Reiten: *Suksess for Høgruta – behov for ny selvbetjeningshytte i Glitterheim*
- E-post av 13.05.16 fra nasjonalparkforvaltar til DNT – førebels tilbakemelding etter styremøtet 11. mai 2016
- E-post av 01.09.16 fra DNT: *Glitterheim sovehus påbygg 2 etasje*
- E-post av 01.09.16 fra DNT: *Glitterheim selvbetjening (nybygg)*. VEDLEGG.
- Brev av 23.09.16 til DNT - Referat frå foreløpig drøftingsmøte med nasjonalparkstyret på Glitterheim 7. september

## Oppsummering av synspunkt frå synfaring/møte 7. sept. og føringar for vidare behandling:

### Glitterheim

- a) Ny sjølbetjeningshytte (jf. førehandsdrøfting i styremøtet 11. mai)
- Det er skissert eit standard sovehus med 20 overnatningsplassar og fellesrom. Det er to moglege tomter for plassering av nybygget, eitt alternativ på oversida av vegen ved «Sandhaugen», og det andre litt nærmere hovudbygningen. Begge tomtene ligg innan radien for det som er etablert som bedriftsområde, og nasjonalparkstyret har ikkje sterke synspunkt på val av tomt. Det blir opp til DNT/Glitterheim å velja det som er mest tenleg med tanke på drift og beredskap i tilfelle brann på hovudbygg. Det er ønskjeleg å behalde dei to småhyttene som er brukt i dag for alternative formål som lagring og liknande. Styret ser ikkje behov for å krevje fjerning av desse dersom dei har vesentleg nyttefunksjon vidare.

Formell søknad kan gå parallelt til nasjonalparkstyret og kommunen. Det er naturleg med behandling etter strengaste regelsett først, og nasjonalparkstyret har neste møte 25. oktober. Byggesaksavdelinga i kommunen tek saka til behandling etter at dispensasjon frå verneforskrifta er avklara. DNT må også ha løvye frå grunneigar (Statskog / fjellstyret), og det er rasjonelt å sende saka til dei samtidig med at søknad går til nasjonalparkforvaltinga og kommunen.

Foto frå synfaring 7. september:



Det er to aktuelle tomtealternativ for plassering av nybygget, begge på oversida av vegen. Den eine til høgre framme i biletet, ved «Sandhaugen», og det andre litt nærmere hovudbygningen

### Påbygg sovehus

Det er etter brannsyn sett fram om betre rømmingsveg frå sovesal i andre

høgda. Eit mindre tilbygg som gjev rom for rømmingstrapp vil løyse dette, og det vil ikkje ha vesentleg verknad på landskapet. Likevel greitt å eit formelt vedtak som viser at verneområdeforvaltninga er involvert, før byggesak i kommunen behandlar saka.



Tilbygg/ombygging av andre etasje på eksisterande sovehus er nødvendig for betre rømmingsveg enn via stigen til høgre på biletet.

## Vurdering

Søknaden blir vurdert etter:

- Verneforskrift for Jotunheimen NP, revidert 14.11.14
- Naturmangfaldlova
- Framlegg til forvaltningsplan for Jotunheimen NP og Utladalen LV (2008)

Forskrift om Jotunheimen nasjonalpark set forbod mot oppføring, utviding og ombygging av bygningar. Forskrifta § 3 pkt. 1.3 opnar likevel for at det kan gjevast løye til turisthytter der tiltaket vert vurdert som nødvendig for drifta:

- c) *Ombygging og mindre utviding av eksisterande bygningar.*
- d) *Oppføring av nye bygningar og innretningar som er naudsynte for drifta av turisthytter i nasjonalparken i samsvar med forvaltningsplan.*

Siste ledd i pkt. 1.3 gjev vidare føringar for utsjånad på nye bygningar:

«*Ombygging, utviding og nybygg skal skje i samsvar med lokal byggeskikk når det gjeld utforming, fargar og materialbruk, og skal tilpassast landskapet.*»

Styret har ved førebelse drøftingar i møte 11. mai og 7. september stilt seg positive til ny sjølvbetjeningshytte ved Glitterheim. Tiltaket vert vurdert å koma inn under § 3 pkt 1.3 b) i av verneforskrifta, som opnar for nybygg som er nødvendige for drifta.

Søknaden er også vurdert etter naturmangfaldlova §§ 8-12:

§ 8 Kunnskapsgrunnlaget: Det er god kunnskap om området, og tilrettelegginga skjer innan område som allereie er i bruk for turistformål

§ 9 Føre-var prinsippet: Det omsøkte tiltaket er lokalisert innan etablert bedriftsområde og ein kan ikkje sjå at dette vil gje vesentleg meirbelastning på naturmiljøet.

§ 10 Økosystemtilnærming og samla belastning: Forvaltningsstyretemakta følgjer ein generelt streng praksis i høve til byggetiltak, og det omsøkte tiltaket fyller eit dokumentert behov for betre ivaretaking av gjester i vintersesongen med sjølvbetjening. Bygget vil også vera eit positivt element for drifta elles, når det er stor trafikk og som eit tilpassa opplegg for grupper. Samla belastning blir vurdert som akseptabel, og nytteverdi er større enn ulempene.

§ 11 Kostnadene ved miljøforrинг skal berast av tiltakshavar: Spørsmålet vert vurdert ikkje relevant.

§ 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode: Det er ein føresetnad at transport av byggevarer og utkjøring av rivingsmaterialar blir planlagt godt for å unngå unødig kjøring innan verneområdet.

Konklusjon:

Oppføring av nybygg for å ivareta overnattingsbehovet i periodar med sjølvbetjening blir vurdert om nødvendig for tilfredsstillande drift av turisthytta vinterstid etter auka trafikk. Landskapsmessig har bygget liknande arkitektonisk uttrykk som andre bygg på bedriftsområdet, og ved bruk av same fargar på alle bygga, vil nybygget gli inn som naturleg del av den samla bygningsmassen.

Tilbygg/ombygging av andre etasje på eksisterande sovehus er eit nødvendig tiltak av omsyn til branngleik og tilfredsstillande rømmingsveg. Tiltaka blir ikkje vurdert til å gje negative konsekvensar for naturmangfaldet, under føresetnad at tiltakshavar har ein gjennomføringsplan som sikrar at samla transport knytt til byggeperioden blir redusert til eit minimum.

Tiltaka skal også behandlast etter Plan- og bygningslova av Lom kommune. Det krev vidare samtykke frå Statskog, som grunneigar, dersom gjeldande festekontrakt ikkje tek høgde for eventuelle nybygg og ombyggingar.

Motorferdsel knytt til byggeverksemda må behandlast som eiga sak, da det fleirårige motorferdselløyvet berre dekkjer driftsmessige behov.

Arkivsaksnr: 2016/5941-2

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 11.10.2016

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	44/2016	25.10.2016

## **Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - Vår 2017 - Transport til Gjendebu i samband med bryllup**

### **Forvaltar si innstilling**

Med heimel i naturmangfaldlova § 48 får Gjendebu Turisthytte dispensasjon frå verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark for utvida transport av gjester på strekninga Gjendesheim-Gjendebu T/R, for deltaking i bryllaup i tråd med søknad datert 11.09.2016. Dispensasjonen vert gjeve på følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld transport av 10-15 personar på strekninga Gjendesheim – Gjendebu, og gjeld for dei bryllaupsgjestene som ikkje sjølve kan gå så langt på ski at dei kan delta i selskapet utan transport. Transporten bør sa langt det er råd tilretteleggjast med ikkje-motoriserte transportmiddel.
- Transport inn skjer 7. april, med retur 9. april 2016. Eventuelle avvik om tidspunkt for kjøring må varslast Statens naturoppsynt v/Rigmor Solem seinast dagen før gjennomføring (mob. 959 65 158 – e-post [rigmor.solem@miljodir.no](mailto:rigmor.solem@miljodir.no)).
- Transporten blir utført av vertskapet på Gjendebu, og skal i størst mogleg grad samordnast slik at samla motorferdsel blir minst mogleg. Transport av bagasje må samordnast med øvrig varetransport knytt til drifta i påska.

### **Saksopplysningar**

Gjendebu Turisthytte v/ Lars Åge Hilde har ved e-post 11.09.2016 sendt søknad om dispensasjon for persontransport til bryllaup helga 7.-9. april 2017. Det er lagt opp til at dei fleste gjestene tek seg fram på ski. Søknaden gjeld for anslagsvis 10-15 personar som av helsemessige grunnar ikkje kan gå så langt på ski. I utgangspunktet ønskjer dei

å transportere gjestene med hundespann eller hesteskyss på isen, men dersom dette ikkje let seg gjennomføre pga. vanskelege is-/snøforhold, ønskjer Hilde eit alternativ med bruk av snøscooter der han sjølv står for transporten. Bryllaup i palmehelga vil gje eit viktig bidrag til vinterdrifta, da det normalt er svært få gjester der i starten av påska. Tiltaket blir i søknaden karakterisert som eit eingongstilfelle, og søker opplyser at dei normalt ikkje nyttar seg av løyvet til transport av gjester to gonger i veka vinterstid, slik dei har høve til i medhald av gjeldande løyve.

## Vurdering

Søknaden blir vurdert etter:

- Verneforskrift for Jotunheimen NP, revidert 14.11.14
- Naturmangfaldlova
- Framlegg til forvaltningsplan for Jotunheimen NP og Utladalen LVO (2008)

Verneforskrifta set generelt forbod mot motorferdsel, men forvaltningsstyresmakta kan med heimel i § 3 pkt. 6.3. m) gje løyve til «*Transport 2 gonger i veka på vinterføre av gjester som ligg fast, til turisthyttene Memurubu, Gjendebu og Glitterheim i samsvar med forvaltningsplan.*»

Persontransport ut over dette er ikkje nemnt som formål i verneforskrifta, og må behandlast etter den generelle heimelen i § 4, som er avløyst av § 48 i naturmangfaldlova, der ein har følgjande heimel i første ledd:

*«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.»*

Gjendebu har i sitt fleirårige løyve høve til følgjande:

### 2.2. Gjendebu.

- I tillegg til generelt løyve i pkt. 1, gjeld løyvet:
  - inntil 2 turar (t/r) pr. vike i vintersesongen for transport av faste gjestar med bagasje når turane er tinga hjå DNT Oslo og Omegn på førehand.

Eit bryllaup er ei særleg anledning som det er viktig å kunne få delta på, og det er etablert ein praksis i forvaltinga der ein i stor grad har opna for transport av gjester med særlege behov. Det er i første rekke Glitterheim som har hatt gjestetransport i samband med bryllaup eller andre selskap, og ein har der vore meir restriktiv med dispensasjonar i høgsesongen enn seinst på hausten. Dette av omsyn til andre brukarar, og av omsyn til presedensverknad. Høve til å ta arrangement i skuldersesongen er verdifulle bidrag for å kunne halde oppe når det elles er lite grunnlag for lønnsam drift. Gjendebu oppgjev at dette selskapet med anslagsvis 70 gjester over to døgn vil vera eit verdifullt bidrag til drifta, da vintersesongen der elles går med tap pga. svakt trafikkgrunnlag i påska.

Ein eller to ekstra turar med gjestetransport, i tillegg til det som ligg inne i gjeldande motorferdselløyve, vil ha avgrensa ulemper i forhold til verneformålet. Med i denne vurderinga ligg også at trafikken er relativt liten før sjølve påska, og verknaden overfor andre brukarinteresser vert vurdert som små. Det kan derfor tilrådast dispensasjon for arrangementet. Når det gjeld vurdering av eventuell presedensverknad, legg ein til grunn at dette er knytt til ei feiring der brudeparet ønskjer ei spesiell ramme rundt feiringa, og der ein av partane har sterkt tilknyting til bedrifta gjennom å ha arbeidd i Gjendebu.

Søknaden skal også vurderast etter naturmangfaldlova §§ 8-12:

**§ 8 Kunnskapsgrunnlaget:**

Det er god kunnskap om området, og transporten skjer etter merka vinterrute.

**§ 9 Føre-var prinsippet:** Ei enkelt hending med nokre ekstra gjester tur/retur medfører minimal meirbelastning i form av støy eller forstyrring når det skjer i tilknyting til etablert opningstid. Omsynet til presedensverknad er vurdert.

**§ 10 Økosystemtilnærming og samla belastning:** Forvalningsstyresmakta følgjer ein generelt streng praksis i høve til motorferdsel. Etablert forvalningspraksis er å gje løyve til personar med særleg behov for deltaking i arrangement som bryllaup o.l. som er lagt til bedrift i parken.

**§ 11 Kostnadene ved miljøforringing** skal berast av tiltakshavar: Spørsmålet vert vurdert som ikkje relevant, da søknaden gjeld transport etter etablert rute.

**§ 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode:** Spørsmålet vert vurdert som ikkje relevant.

**Konklusjon:**

Tiltaket vil ikkje gå ut over verneverdiar i området, og for deltaking på eit så spesielt arrangement som bryllaup er det etablert praksis for å kunne tillate transport for dei som elles ikkje vil ha høve til å delta. Det blir ikkje gjeve løyve til transport for spesielle hendingar på fjelltoppar el.l., medan søknader for selskap knytt til etablert driftssesong ved ei av bedriftene i området i liten grad gjev meirbelastning ut over den generelle aktiviteten som alt er i området.

Arkivsaksnr: 2016/5828-2

Saksbehandlar: Magnus Snøtun

Dato: 10.10.2016

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	45/2016	25.10.2016

**Sak - Utladalen landskapsvernområde - Skutertransport av varer, brensel, proviant, utstyr og material til Vetti og på Vettismorki - Vetti Gard Turiststasjon**

**Forvaltar si innstilling**

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen gjev etter §3 pkt. 6.3 f) og g) i forskrift om Utladalen landskapsvernområde løyve til motorferdsel til Vetti Gard Turiststasjon v/Berit Vetti for transport av varer, brensel, proviant, utstyr og material til Vetti og på Vettismorki i Utladalen landskapsvernområde:

- Inntil 30 turar per år for transport av varer mm. til Vetti gard, stølar og hytter på Vettismorki og til turisthytta Ingjerdbu. Løyve gjeld ikkje persontransport.
- Ein tur Vettismorki-Fv.53 Årdal-Tyin t/r for service av skuter ein gong i treårsperioden.

Løyve er gjeve på følgjande vilkår:

- Løyvet for motorferdsel gjeld for 2017, 2018 og 2019.
- Løyvet gjeld ikkje søndagar og heilagdagar.
- Løyvet gjeld for snøskuter med reg. nr. JR8670 (til Vetti) og reg. nr. JS2330 på Vettismorki.
- Omfanget av skuterbruk skal avgrensast til det som er strengt naudsynt og i størst mogleg grad følgje ein fast trase.
- Transportperiodar mellom taubana og Vettismorki skal varslast til naturoppsyn Rigmor Solem på førehand (mobil 959 65 158).
- Det skal kvart år sendast skriftleg rapport til nasjonalparkforvaltar om gjennomført motorferdsel innan 1.november.

## **Saksopplysningar**

### *Dokument i saka*

- Søknad datert 29.08.2016, frå Berit Johansen Vetti, Vetti Gard Turiststasjon.

### *Søknaden skal handsamast etter*

- Verneforskrifta for Utladalen landskapsvernområde av 14. november 2014
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009

### *Bakgrunn for søknaden*

Søknaden gjeld fornying av løyve til å nytte snøskuter frå Hjelle til Vetti og på Vettismorki. Snøskuteren vert nytta i samband med tilsyn med Vetti gard, transport av varer og utstyr til taubana, vidare transport frå taubana til stølsområdet og transport av ved i stølsområdet.

Vetti Gard Turiststasjon har hatt fleirårig løyve til denne transporten i fleire omganger. Først gjeve av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og fornya av Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen, sist i 2014. Det siste løyvet er datert 29.01.2014 og inkluderte transport av material og utstyr til garden og stølar og hytter, proviant til turisthytta Ingjerdbu.

### *Heimel*

Søknaden må handsamast etter verneforskrifta for Utladalen landskapsvernområde og etter naturmangfaldlova §§ 8-12.

I landskapsvernområdet er motorferdsel og landing med luftfartøy er forbode (verneforskrifta pkt. IV, 8). Forvaltningsstyretemakta kan gje løyve til bruk av luftfartøy for transport av brensel, proviant og utstyr til hytter (verneforskrifta pkt. IV,8).

## **Vurdering**

I Utladalen er Vetti eit av hovudbruka (utan fast busetnad) og har mange bygningar. Dei fleste bygningane er restaurert og godt vedlikehalde og Vetti turiststasjon har vore drifta i mange år. Dei siste to åra har turiststasjonen vore drifta av Klingenberg Hotell. Til garden ligg også stølsområdet Vettismorki. Her er fleire stølshus som er i privat bruk og Ingjerdbu som er ei open sjølvbeteningshytte. Området vert brukt gjennom heile året og turiststien opp Utladalen går gjennom her. Frå Vetti er det veldig bratt opp første del av stigninga. Her er det etablert ei taubane for transport av varer. Utladalen er frodig og oppe på Vettismorki er det blant anna gamal furuskog og gaddar. Området har blant anna ein kjent hekkelokalitet for kongeørn (§8 i naturmangfaldslova (nml.)).

Forvaltningsplanen presiserer at motorferdsel ikkje er ynskjeleg i verneområda, men noko er naudsynt. Aktivitet på Vetti og Vettismorki er med på å ta vare på bygningane og kulturlandskapet generelt. Ordninga med transport med taubane og snøskuter har vorte innarbeida over fleire år. Det er også vanleg å bruke skuter til å samle saman ved til alle stølshusa/hyttene på Vettismorki. Søkjær har rapportert bruk av skuter regelmessig i samsvar med tidlegare løyve. Rapportane viser at det ikkje har blitt brukt så mange turar som løyve opnar for, men har variert mellom 11 og 30 på Vettismorki dei siste åra.

I tidlegare løyve er det skrive at reglane for Vettisvegen vedteke av Årdal kommune 17.11.1977 regulere ferdsel på Vettisvegen og at dette opnar for næringstransport også med skuter. Dette er ikkje i samsvar med reglane i Motorferdselslova kor veg som ikkje er brøya også vert rekna som utmark og motorferdsel krev særskilt løyve eller må vere

omfatta av unntak. Det er derfor ikkje generelt opning for bruk av skuter inn til Vetti Gard. Løyvet gjeld også turar inn til Vetti gard frå Hjelle og desse turane skal omfattast av den årlege rapporten (som er gjort).

Mengda av motorferdsel skal vere så liten som mogleg i verneområdet. Det er derfor viktig at transporten vert planlagt og koordinert slik at han vert gjennomført så effektivt som mogleg. Erfaringar med tidlegare løyve er gode og sekretariatet meiner at ein skal vidareføre dette. Det vert understreka at motorferdsel skal avgrensast og at løyve ikkje gjeld persontransport, både på Vettisvegen og til Vettismorki.

Mange bygningar gjer at ein må rekne med noko vedlikehald, men større restaureringsarbeid på bygningsmassen krev som regel eige løyve og då vert det samtidig gjeve løyve til transport knytt til dette.

For å unngå mest mogleg forstyrring på dyrelivet skal transporten haldast på ein fast trase. Dette er eit føre-var-vilkår slik at ein i størst mogleg grad hindrar mogleg negativ påverknad på hekkelokaliteten (§9 nml.).

Sekretariatet meiner ordninga med transport til Vetti og Vettismorki er fornuftig og løyve vert vidareført. Motorferdsel i verneområde skal haldast på eit minimum og krev planlegging. Under føresetnad av at transporten vert godt planlagt og dermed gjennomført på færrest mogleg turar, vert den samla belastninga av motorferdsel i området vurdert som akseptabel og transportmetodane fornuftige (§§ 10 og 12 i nml.). Særskilde transportbehov knytt til restaureringsprosjekt vil bli behandla ved behov. §11 i nml. er ikkje relevant for denne saka.